

BUSTADREGLEMENTET

Studentsamskipnaden på Vestlandet, Saman Bustad

KAPITTEL 1: INNLEIING

Dette reglementet omhandlar bustader som Studentsamskipnaden på Vestlandet (Saman) eig og driv, og regulerer forhold som ikkje er omtala i leigeavtalen. Reglementet er eit tillegg til leigeavtalen.

Direktøren for Saman Bustad eller den som har fullmakt, kan gi dispensasjon til fordel for leigetakarane frå alle føresegner i dette reglementet.

Vi viser òg til husleigelova av 16.3.1999.

KAPITTEL 2: ORDENSREGLAR

§ 2-1 Røyking og dyrehald

1. Det er ikkje lov å røykje i bustadene til Saman.
2. Det er ikkje lov å ha dyr i bustadene til Saman. Det blir gjort unntak for førarhundar.

§ 2-2 Ro og orden

1. Alle leigebuarar har ansvar for å halde ro og orden i studentbustaden. Alle må ta omsyn til dei andre leigebuarane og ikkje vere til sjenanse for nokon.
2. Leigebuarane skal respektere at det skal vere arbeids- og nattero. Det skal vere ro både innandørs og utandørs måndag til torsdag og søndag etter kl. 23.00, og fredag, laurdag og dagar før helgedagar etter kl. 24.00.
3. Alle arrangement i lokala til studentbustaden skal avsluttast på dei tidspunkta som er nemnde ovanfor. Tillitsutvalet (TU) – der dette finst – kan med samtykke frå direktøren for Saman Bustad gi dispensasjon frå ordensreglane i samband med spesielle arrangement. I desse tilfella har TU ansvaret for at ordensreglane blir følgde i tråd med dispensasjonane som er gitt.
4. Ved spesielle høve kan Saman setje i verk ekstraordinære tiltak for å sikre ro og orden.

§ 2-3 Reglar for bustadene

1. Kvar leigebuar har ansvar for reinhald og orden i sin eigen bustad, jf. § 2-5 (1).
2. Private eigedelar må ikkje plasserast i rømmingsvegar, verken i gangar, korridorar, trapper eller utanfor buene. Utstyr som står der, kan bli fjerna for eigaren si rekning og utan ytterlegare varsel.
3. Syklar, ski og anna utstyr skal plasserast i eigne buer eller andre stader som er tiltenkte til dette.
4. Alt boss skal sorterast etter gjeldande reglar og pakkast forsvarleg inn før det blir plassert på tilviste stader. Reglar og oppslag om kjeldesortering skal følgjast.
5. Ventilalar må ikkje tettast med tøy eller liknande. Det kan føre til fukt, mugg og andre skadar på bygningen.
6. Leigebuarar må ikkje tørke, lufte og riste tøy og teppe i fellesareal, på balkong/veranda, ut av vindauge eller i rømmingsvegen, eller på ein slik måte at det er til sjenanse for dei andre leigebuarane.

7. Det er ikkje lov å plassere/bruke private vaskemaskiner, kjøleskap eller andre kvitevarer i bustaden. Det kan gjerast unntak i bustader med uttak til vaskemaskin eller tørketrommel på badet.
8. Det må ikkje brukast anna oppvarming enn sentralfyring og/eller eventuelle elektriske omnar som høyrer til i den enkelte studentbustaden, utan spesielt løyve frå Saman Bustad.
9. Tillitsutvalet – der dette finst – eller Saman Bustad kan organisere dugnad/opprydding av buer når det er formålstenleg eller nødvendig. Det gjeld ikkje buer som er ein del av bustaden. Ved utflytting skal bua tømmast og ryddast.
10. Leigebruarane må bruke biletilistene eller andre lister når bilete eller liknande skal hengjast opp. Det er ikkje lov å feste spikrar eller skruar i veggene utan løyve frå Saman Bustad.

§ 2-4 Reglar for felleskjøkken/fellesbad

1. Leigebruarar som er tilknytte felleskjøkken/fellesbad, har ansvar for å halde det reint og ryddig og har ei felles plikt til å varsle Saman ved manglande reinhald. Dersom Saman Bustad, etter gitt varsel, meiner at reinhaldet og ryddinga ikkje er tilfredsstillande, vil Saman gjere utbetringar på leigebebruarane si rekning. Saman Bustad kan krevje at det blir etablert ei ordensmannsordning.
2. Matlaging skal berre skje på kjøkken/felleskjøkken.
3. Dersom den/dei som har stått for eit regelbrot, ikkje står fram, er alle brukarane av felleskjøkenet solidarisk ansvarlege for å dekkje eventuelle kostnader som følgjer av brot på bustadreglementet – jf. § 4-2-1.

§ 2-5 Reglar for fellesrom

1. Leigebruarar som er tilknytte fellesrom, har ansvaret for reinhald og orden i desse romma. Det er tillitsutvalet – der dette finst – si oppgåve å finne gode ordningar for reinhald og rydding.
2. Dersom Saman Bustad meiner at reinhaldet og ordenen i fellesrom ikkje er tilfredsstillande, kan dei krevje at det blir etablert ei ordensmannsordning. Ved alvorlege brot på reglementet kan Saman Bustad vurdere å stengje fellesrom.

§ 2-6 Parkering

1. Parkeringsføresegnene gjeld for alle køyretøy som er parkerte på eigedommane til Saman. Syklar skal merkjast med gyldig oblat.
2. Parkering skal skje på merkte plassar i tråd med skilting. Saman Bustad fjernar ulovleg parkerte bilar for eigaren si rekning.
3. Det er ikkje lov å kople motorvarmar, lading av bil og liknande til straumuttak i bustadene med mindre det er spesielt uttak for det og løyve er gitt.

§ 2-7 Plakatar og oppslag

Plakatar og oppslag kan berre hengjast opp på tilviste stader som er tiltenkte dette.

§ 2-8 Fjerning av eigedelar og søppel

Saman Bustad kan krevje at leigebruarar fjernar private eigedelar (søppel o.a.) som dei har sett frå seg på eigdommen til Saman. Dersom leigebruarane ikkje rettar seg etter kravet, vil eigedelane bli fjerna for eigaren si rekning.

§ 2-9 Saman sitt ansvar for eigedelane til leigebuarane

Saman har ikkje ansvar for private eigedelar som leigebuarane har i studentbustaden, med mindre tap av eller skade på desse kjem av at Saman eller nokon som handlar på vegner av Saman, har forsømt seg. Leigetakaren må sjølv sørge for å forsikre eigedelane sine.

KAPITTEL 3: UTLEIGAREN SIN TILGANG TIL BUSTADEN

§ 3-1 Inspeksjonar eller vedlikehaldsarbeid

1. Dersom ein leigebuar leverer skademelding, gir vedkommande samstundes Saman Bustad tilgang til bustaden fram til skaden er utbetra. Utbetringa skal skje innanfor ei rimeleg tidsramme.
2. Inspeksjonar og vedlikehaldsarbeid skal varslast høvesvis 3 og 14 dagar på førehand.
3. Inspeksjonar som ikkje må varslast på førehand:
 - a) Inspeksjonar ved mistanke om fare for liv og helse
 - b) Inspeksjonar ved mistanke om alvorlege brot på leigekontrakten og reglementet. Gjeld berre om det er nødvendig med tiltak for å hindre skade på bustaden og eigedommen elles, og det ikkje er mogleg å varsle leigetakaren.
 - c) Inspeksjonar ved mistanke om alvorlege forhold eller manglar som krev akutt utbetring

KAPITTEL 4: KLAGAR. BROTT PÅ LEIGEAVTALE OG REGLEMENT

§ 4-1 Klagar

1. Klagar på leigebuarar eller besøkjande skal rettast til Saman Bustad som første instans.
2. Klagar på forhold eller aktivitetar i Saman sin regi skal rettast til tillitsutvalet – der dette finst – som første instans.

§ 4-2 Rett til å gripe inn, fremje oppseiingssak o.a.

1. Saman Bustad, eller den som får fullmakt, har rett til å gripe inn ved forstyrringar av ro og orden, ved misbruk av alarmer, uønskte alarmer og ved materielle øydeleggingar. Saman Bustad kan be om at forholdet blir retta, og kan vise bort personar som ikkje bur i studentbustaden. Saman Bustad kan krevje at leigebuarane dekkjer kostnadene som hendingar medfører. Alvorlege eller gjentekne brot på reglementet kan resultere i oppseiing eller heving av leigeavtalen (jf. § 13 (5) i leigeavtalen).
2. Saman Bustad har rett til å gripe inn og be om at forholdet blir retta, ved materielle øydeleggingar eller misleghald av bustadreglement/leigeavtale. Saman Bustad kan i slike tilfelle gi ei åtvaring og/eller kalle inn til møte. Dersom forholdet ikkje blir retta, kan det føre til oppseiing eller heving av leigeavtalen.
3. Hærverk på brannutstyr og brannvarslarar (inkludert tildekking av brannvarslarar) blir rekna som vesentleg misleghald og vil føre til at leigekontrakten blir heva, jf. § 13 (5) i leigeavtalen.

KAPITTEL 5: LOKALE FØRESEGNER – HAUGESUND/STORD

Husvertane har same funksjon som tillitsutvalet/TU i dei paragrafane der det er vist til dette.

KAPITTEL 6: REGLEMENTSENDRINGAR

Direktøren for Saman Bustad og Bustadutvalet kan føreslå endringar i bustadreglementet. Direktøren utarbeider ei innstilling til administrerende direktør, som kan vedta mindre endringar. Vesentlege endringar skal leggjast fram for styret for handsaming.

KAPITTEL 7: IKRAFTTREDING

Dette reglementet tek til å gjelde 01.01.2023 og erstattar tidlegare reglement.